



Ph.d. i helse- og sosialfag:
Profesjonsutøving – vilkår og utvikling

Prøveforelesing og forsvar av doktorgradsavhandling

Doktorand: Kirsti Kverndokk Bjerkan

Måndag 23. september 10.15–15.00.
Høgskulen i Volda

[Lenke til strømming](#)

Kirsti Kverndokk Bjerkan held prøveforelesing og forsvarer avhandlinga si for doktorgraden i helse- og sosialfag: Profesjonsutøving – vilkår og utvikling. Ph.d.-studiet blir gitt av Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde i fellesskap. Disputasen er avsluttande del av doktorgradsstudiet.

Tittel

«The role of pre- and postoperative patient education a decade after bariatric surgery»

Oppsummering

I Helse Midt-Noreg blei 930 pasientar opererte med gastrisk bypassoperasjon i tidsrommet 2004–2009. I perioden 2018–2020 blei alle desse inviterte til oppfølgingsstudien BAROBS (Baritric surgery observation study), der 546 av pasientane deltok. I avhandlinga har doktoranden brukt delar av data samla inn i og etter BAROBS-studien.

Tolv år etter operasjonen hadde pasientar som deltok i gruppeoppfølging, lågare vekt mål (vektnedgang, sekundærvektoppgang og kroppsmasseindeks) enn pasientane som deltok sjeldan eller aldri i gruppeoppfølging. Det var ingen forskjell i fysisk aktivitet, bruk av vitamin- og mineraltilskot eller sjølvrapportert helse.

I studien oppgav 75 prosent at dei brukte multivitamin-mineral-tilskot, 95 prosent brukte vitamin B12, og 70 prosent brukte kalsium med vitamin D-tilskot. Dei som oppgav bruk av tilskot, hadde mindre mangeltandar, sjølv om førekomsten også blant dei er høg.

Eit lite utval av BAROBS-deltakarane (22 pasientar) som oppgav å ha magesmerter oftare enn kvar veke, blei inviterte til ei utforskande oppfølgingsstudie nokre år seinare. Kontinuerleg glukosemåling blei testa ut som eit pedagogisk verktøy, med målsetting å utforske samanhengen mellom matinntak og symptom. Resultata var sprikande, men gav likevel pasientane ei god forståing av kva matvarer som påverka blodsukkersvingingar og symptom frå mage-tarmkanalen.

Bakgrunn

I eit samfunnsmedisinsk perspektiv har det lenge vore ønskjeleg å sjå på langtidseffektar av fedmekirurgi. Pasientopplæring er ei av dei pålagde oppgåvene til sjukehusa og har til hensikt å auke pasientane sin kunnskap om eigen sjukdom, slik at dei skal fortsetje å gjere gode val for eiga helse også etter at oppfølginga frå sjukehuset er avslutta.

Doktoranden ønskte å utforske betydninga av pasientopplæring gjennom ulike målemetodar (etterleving av livsstilsråd, vekt og vektendring og dessutan bruk av anbefalte vitamin og mineral) hos pasientar som har gjennomført fedmekirurgi for meir enn ti år sidan.

Kva betydning kan forskinga få?

Funna viser at det er behov for langtidsoppfølging av vitamin- og mineralnivå hos pasientane, og at nokre treng meir tilskot enn dei blei anbefalte den gongen dei blei opererte. Resultata frå denne studien har innverka på dei nye nordiske retningslinjene for pasientar som har gjennomført fedmekirurgi, retningslinjer som blir publiserte i desse dagar. Nye problem som magesmerter og blodsukkersvingingar kan oppstå som følge av operasjonen, og dette føreset at personale som møter pasientgruppa, er kjende med problemstillingane.

Medlemmar av bedømmingskommissjonen

Liisa Tolvanen

Klinisk ernæringsfysiolog (ph.d.),
Karolinska Institutet

Torgeir Thorson Søvik

Overlege (ph.d.), Oslo universitetssjukehus

Ingunn Mundal

Professor (ph.d.), Høgskolen i Molde

Hovudrettleiar

Dag Arne Lihaug Hoff

Dr.med. (ph.d.), Helse Møre og Romsdal og
førsteamanuensis, NTNU

Medrettleiarar

Kjetil Laurits Høydal

Professor, Høgskulen i Volda

Jorunn Sandvik

Dr.med. (ph.d.), Helse Møre og Romsdal og
førsteamanuensis, NTNU



Kirsti Kverndokk Bjerkan (49) arbeider som klinisk ernæringsfysiolog i Helse Møre og Romsdal ved Ålesund sjukehus. Ho er cand.scient. i klinisk ernæring frå Universitetet i Oslo (2001) og har vidareutdanning i kognitiv terapi, trinn 1, frå Høgskulen på Vestlandet (2011).

Program

10.15: Prøveforelesing

Tema: Ernæringsbehandling av postbariatrisk hypoglykemi.

11.00: Pause

12.15: Disputas

Tittelen på avhandlinga er «The role of pre- and postoperative patient education a decade after bariatric surgery». Disputasen blir halden på norsk og har tittelen «Når fagkunnskap møter levd liv. Betydningen av pasientopplæring mer enn 10 år etter fedmekirurgi».

- Prosesjon innmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet
- Dekan introduserer doktorand og avhandlinga
- Doktoranden gjer greie for avhandlinga
- Førsteopponent eksaminerer doktoranden
- Kort pause – ca. 10 minutt
- Andreopponent eksaminerer doktoranden
- Opponentar ex auditorio
- Prosesjon utmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet

Avhandlinga er tilgjengeleg for offentleg gjennomsyn frå og med 9. september på Studentsørvis og i biblioteket.

